



Fornøgte turistar med spekemat frå Friheim i posane!

**Festivalen lokkar med eventyrlege naturopplevingar på næringsseminaret under festivaldagane. Deltakarane får mellom anna oppleve eventyraren Lars Monsen som skulle vera velkjend nok. I tillegg vert det også fleire spennande innslag, blant anna med nyskipa Rosendal Event. I pausen vert det lunsj, og det vert ei lokal smaksoppleving.**

Arrangørane lovar ein lunsjtallerken med smakfull lokal produsert mat. Frå Friheim Gardsmat øvst i dalen kjem den fantastiske spekematen deira, medan Hjørnevåg, som har motteke mange prisar, syt for at det er sjømat av topp kvalitet. Sundepølsa som vert produsert hos Rosendal Gardsmat kjenner vi alle til, og den vil gje alle tilreisande ei sjokkarta oppleving.

Myrdal Gard på Tysnes er internasjonalt kjende for osten sin så den høyrer med. Til alle godsakene må det også vera brød av beste kvalitet, og det syt Landsbybakaren frå Sæbøvik for. Til god mat høyrer god drikke. Det vert servert øl frå Mykle Mikrobryggeri i Omvikdalen og Alde sider frå Bleie Gard på Nå.

Næringseminaret har eit sterkt program, men jammen har dei fantastisk godt pausefyll og!



Hjørnevåg har prisbelønna produkt. Her er dagleg leiar Marit Hjørnevåg i 2015 saman med fiskeriminister Elisabeth Aspaker etter å ha motta ei utmerking.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Arkivfoto: Kristian Bringedal og Privat foto.